

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 02/2025 | **Klokkeslett:** 09.00- 12.00 | **Dato:** 12.03.2025

Møtestad: Vestlandshuset, Jostedalsbreen

Saksbehandlar: Synnøve Vilsvik

Dato: 19.03.2025

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Hamre Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Rosalind Fosse	Varaordførar, Askøy kommune
	Svein Otto Jacobsen	Utvalsleiar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Kjell Kvingedal	Miljødirektør, Statsforvaltar Vestland
	Solveig Paule	Avdelingsdirektør, Jernbanedirektoratet
Andre	Kari Gåsemyr	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Tor Corneliusen	Bergen kommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Silje Aileen H. Haukedal	Øygarden kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet
	Anders Kjetland	Sekretariatet
	Erlend Otterå	Sekretariatet

Saksliste byvekstavtalen

Sak 18/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 19/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 07.02.2025

- Sak 20/25 Bruk av post 66, regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod, for året 2025
- Sak 22/25 Status for oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett
- Sak 21/25 Handlingsprogram 2026-29
- Sak 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering
- Sak 24/25 Passasjertal for jernbane 2024
- Sak 25/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 26/25 Behov for bompengar til prosjektering og ny regulering av Bybanen BT 5 for perioden 2025-2027
- Sak 27/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 18/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 19/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 07.02.2025

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 20/25 Bruk av post 66, regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod, for året 2025

Ann Iren Fagerbakke, VLFK, la fram forslag til fordeling av potten *Tilskot til betre kollektivtilbod* for 2025. Det er tidlegare vedteke i styringsgruppa at midlane skal nyttast til bybanen. I forslaget var det fordelt 12 mill. til arbeid med KDP vest for å sikre nødvendig framdrift for vidare utbygging av bybanenettet, 50 mill. til vedlikehald av investeringskarakter knytt til bybaneinfrastrukturen, 11,1 mill. til gangtilkomst til bybanehaldeplassar og 61 mill. til redusert uttak av bompengar som skal nyttast til framtidig utbygging av bybanen BT5. Totalt 134,1 mill.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden, viste til tidlegare diskusjon om bruken av midlane. Han reiste også spørsmål om kor mykje dei føreslåtte tiltaka bidrar til nullvekstmålet. Tiltaka Vedlikehald av investeringskarakter og Redusert uttak av bompengar blei spesielt nemnd.

Søviknes etterlyste samstundes ein forklaring frå fylket på kvifor forslaget til bruk av midlane ikkje samsvarte med debatt og vedtak i fylkestinget før jul, der politisk fleirtal gjekk inn for å bruke store deler av dei på kollektivbudsjettet i byvekstavtale-området.

Jon Askeland viste til at Bergen bystyre har vedtatt at desse midlane for 2025 skal gå til bybaneformål. Forslaget fylket legg fram for styringsgruppa er dermed eit kompromiss mellom kommune og fylke. Han meinte at det er eit godt grunnlag for ny diskusjon om midlane for 2026, og oppfatta at Bergen kommune også er open for dette.

Han viste elles til at andre byområde hadde ein friare bruk av desse post 66-midlane, og meinte ein hadde lokalt handlingsrom i bruken av pengane.

Statens vegvesen v/Malin Bismo Lerudsmoen viste til at dette tilskotet er ein del av statens tilskot til byggetrinn 4 til Fyllingsdalen (auken frå 50-66 pst.). Ho stadfesta at bruken av desse midlane er fleksibel så lenge det bidrar til å oppnå nullvekstmålet, og betre kollektiv, og er ei ekstrasatsing i forhold til ordinært tilbod.

Terje Søviknes minte om at ein hadde liknande diskusjon på bruken av midlane for 2024, og at det då og var sagt at ein skulle ha ein prinsippdiskusjon for bruken for 2025. Sidan det ikkje er lagt opp til ein slik diskusjon no, uttrykte han ein forventning om å ta oppatt diskusjonen når midlane for 2026 skal fordelast. Representantane frå kommunane Øygarden, Alver, Askøy og Bjørnafjorden tok alle ordet og varsla ein protokollmerknad knytt til bruken av midlane i 2026.

Christine Kahrs, Bergen kommune, understreka at Bergens syn er at desse midlane i størst mogleg grad skulle gått til redusert bompenggeuttak for å sikre finansiering av bybanen til Åsane.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2025 (134,1 mill.) vert nytta direkte til Bybanen, som vist i saksgrunnlag. I tillegg fremma kommunane Bjørnafjorden, Alver, Øygarden og Askøy følgjande protokollmerknad:

«Desse medlemmene viser til tidlegare diskusjonar i styringsgruppa knytt til prinsippet om at desse midlane til betring av kollektivtilbodet har vore øyremerkt bybanen. I påvente av utbygging av BT5 for bybanen til Åsane har det vore drøfta om midlane ville gitt betre effekt på nullvekstmålet om dei vart nytta til ekstra kollektivsatsing (buss) i Bergensområdet.

Det var ei forventning om at dette prinsippet skulle vurderast ved fordeling av midlane i 2025, men i sak 20/25 er det ikkje lagt opp til ei slik vurdering. Desse medlemmene ber om at det blir lagt opp til ei slik vurdering i arbeidet med fordeling av midlane for 2026.»

Sak 21/25 Handlingsprogram 2026-29

Erlend Otterå, sekretariatet, la fram kva prosjekt som i ligg i forslag til handlingsprogram 2026-2029 på post 30. Han peika på at Bergen kommune må gjere ei prioritering av prosjekta, då det ikkje er nok tilgjengelege midlar til å finansiere alle. Dei andre kommunane har nok midlar til alle sine innspelte prosjekt i forhold til den totale ramma i byveksttalen. Prosjekta «Manger kyrkje» og «Trolldalen – Lepsøyvegen» vil få omdisponert midlar i år, og vil derfor ikkje vere med i innspelet til handlingsprogrammet.

Det kom nokre kommentarar til endringar i handlingsprogrammet frå partane:

Bergen kommune melde om at finansieringa i deira prosjekt «Wiers-Jenssens vei, fremkommelighet og sikkerhet» skal skyvast med eitt år frå 2026 til 2027 på post 30.

Fylket melde om endring på to av deira prosjekt. På prosjektet «Mindemyren, byggetrinn 2» skal finansieringa skyvast frå 2026 til 2027 på post 30, i tillegg til at det blir lagt til 3 mill. på dei fylkeskommunale midlane til førebuande arbeid i 2026 på same prosjekt. På prosjektet «Storetveitvegen, Hagerups vei – Minde Allé» skal finansieringa skyvast frå 2026 til 2027 på post 30.

Nils Magne Slinde, Statens vegvesen, gjorde merksam på at post 30-prosjekt som skal spelast inn til handlingsprogrammet bør leverast i ei prioritert rekkjefølgje, og at partane bør sikte seg inn på å ha dette på plass ved neste rulling.

Vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2026-2029, i tråd med konklusjonen i møtet. År 1 i handlingsprogrammet (2026) blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Handlingsprogram 2026-2029 som heilskap blir handsama i neste møte. Vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2025.

Sak 22/25 Status for oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, la fram saka, som var ei orientering om status på ei tidlegare oppfølgingssak.

Det har sidan førre møte vore sendt ut ei sak per e-post til prioriteringsrådet, der dei blei bedne om å kome med innspel til omdisponering av tilgjengelege midlar i Miljøløftet, samt innspel til prioritert rekkjefølgje av prosjekt som er ønska spelt inn til revidert

nasjonalbudsjett. Årsaka til at dette blei sendt ut på e-post var kort frist for å spele inn prosjekt til RNB.

Det vil i 2025 bli omdisponert midlar til prosjekta «Manger kyrkje – Hesthaugvegen, fortau» og «Trolldalen-Lepsøyvegen, trygg GS-løysing». I tillegg har følgjande prosjekt blitt spelt inn til RNB i prioritert rekkjefølgje: «Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien», «Skogsskiftet sentrumsområde», «Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering» og «Ostereidet/Lindsdalen, fortau».

Vedtak: Tilgjengelege midlar på post 30 vil i 2025 bli omdisponert til prosjekta «Manger kyrkje – Hesthaugvegen, fortau» og «Trolldalen – Lepsøyvegen, trygg GS-løysing». Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering

Anne Iren Fagerbakke, VLFK, la fram forslag til mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering.

Christine Kahrs, Bergen kommune, meinte det var viktig å sjå på innfartsparkering som verkemiddel også i samband med byutgreiinga. Ho understreka at det politiske fleirtalet i Bergen ønskte meir bruk av innfartsparkering som verkemiddel også i Bergen kommune, og bad om at dette blir diskutert vidare i prioriteringsrådet fram mot neste styringsgruppemøte.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til mandatet slik det er lagt fram, og at arbeidsgruppa legg det til grunn for sitt vidare arbeid.

Sak 24/25 Passasjertal for jernbane 2024

Jernbanedirektoratet v/Solveig Paule orienterte om passasjertal for jernbanen for året 2024.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 25/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Reisetil for 2024 i Skyss

Målfrid Vik Sønstabø, VLFK, la fram reisetil for 2024 og per februar 2025 i Skyss. Alver kommune v/Sara Sekkingstad kommenterte at bybåten i Alver har hatt ein nedgang i reisetil i 2024, og etterspurde tal per måned for å sjå om dette kunne ha ein samanheng med restriksjonen som vart innført i fjor sommar (2024) på innfartsparkeringa i Knarvik. Fylket svara at det har vore ei endring i reisetil for bybåten i Alver heile siste halvår i 2024 sett opp mot siste halvår i 2023. Diskusjonen gjekk vidare på om i kva grad restriksjonar på innfartsparkering kan ha ein negativ verknad på reisetil. Hovudargumentet mot restriksjonar er at det ikkje er mogleg for dagsreisande å nytta kollektivtilbodet i same grad. Frå fylket blei det vist til at restriksjonar blir innført for å gje faste kollektivreisande eit forutsigbart tilbod, og at temaet kan vere aktuelt å sjå nærare på for arbeidsgruppa for innfartsparkering.

Forslag til politisk seminar

Kari Gåsemyr, sekretariatet, la fram forslag til politisk seminar 2025. Prioriteringsrådet har gitt signal om at dei ønskjer å ha eit seminar på hausten om byutgreiinga, som er venta ferdig i midten av september. Eit politisk seminar kan dermed vere aktuelt å ha siste halvdel i oktober, etter haustferien. Det blei foreslått at ein kan ha det som ein eigen dag, eller i samband med møte i styringsgruppa anten 27. eller 29. oktober.

Justert framdrift for milepælar i byutgreiing

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, orienterte om justert framdrift i samband med byutgreiinga. Milepæl 3 blir skove frå påske til juni, og milepæl 4 frå juni til september. Frist for levering av utgreiinga (des. 2025) blir ikkje flytta, men høyringsmerknader frå lokale myndigheiter vil bli ettersendt til Samferdselsdepartementet.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 26/25 Behov for bompengar til prosjektering og ny regulering av Bybanen BT 5 for perioden 2025-2027

Anne Iren Fagerbakke, VLFK, presenterte behov for bompengar i perioden 2025-2027. Dei neste tre åra er det sett av 105 mill. kroner til arbeid med reguleringsplan og 535 mill. til prosjektering, grunnnerv og førebunde arbeid, totalt 640 mill. kroner.

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, kommenterte at det er viktig med ei felles forståing av kva slags prosessar ein skal gjennom med omsyn til finansiering. Mellom anna skal det gjennomførast ekstern kvalitetssikring i etterkant av reguleringsplanvedtaket og før statleg bidrag blir fastsett gjennom forhandlingar. Det blei vist til ei tidlegare oversikt som er utarbeidd av partane i fellesskap, og Lerudsmoen foreslo at Statens vegvesen tar initiativ til å gå igjennom desse prosessane saman med fylket. Bergen kommune kommenterte at dei òg ønskjer å vere ein del av denne dialogen.

Vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen vedtek at det kan nyttast inntil 640 mill. i bompengar for perioden 2025 – 2027 til regulering, prosjektering og grunnnerv av Bybanen BT5. Styringsgruppa forventar å få framlagt ei sak tertialvis der det vert rapportert på bruken av midlane.

Sak 27/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Ingen saker melde.